

Trusopplæringsprisen

Av Steinar Skartland og Britt Karstensen

FUT (Felles Utval for Trusopplæring) har for vane å overraske. Søndag 1. desember vart ei flott gudsteneste på Bjoa der både konfirmantar og barneklubben Mini-Credo deltok. Lite visste dei at nokon skulle heidrast og takkast spesielt denne dagen.

Midt i Gudstenesta tok kateket Britt Karstensen ordet:

– Tenk dåke, viss ingen hadde tatt imot ein stafettpinne? Kossen hadde det gått då? Viss ingen hadde gjort ein innsats for bygda si, kossen hadde det vore då? Om ingen hadde brydd seg eller brukt av tida si til å gjera det beste for barn og unge på Bjoa? Men heldigvis er det nokon som tek over stafettpinnen og gjer ein innsats, bryr seg om andre og brukar tid for å gjera det besta for barn og unge på Bjoa! Kvart år deler FUT ut ein pris til nokon i Vindafjord som fortener ein klapp på skuldra, ein takk og påskjøning for at dei brukar av tid og krefter for å vidareformidla Guds store kjærleik, Jesus, til barn og unge. Anita og Torbjørn Hamre, kan de komma opp!

Både Anita og Torbjørn, som no er aktive i drifta av både Mini-Credo og Credo, vart svært overraska over å få tildelt prisen. Ein velfortent pris som har diplom med påskrift: «Det handle om samarbeid, håp, tru, idealisme, dugnadsånd, pågangsmot, kjærleik, hjarterom og formidling om Jesus til barn og unge.» I tillegg fekk dei ein liten figur, blomar og rosande ord.

Torbjørn fortel at han som ungdom vart engasjert i bibel- og misjonsarbeid i Hong Kong og seinare i Sri Lanka saman med Anita, til dei kom til Bjoa i 1986. Her har dei engasjert seg både i Bjoa Misjonsmenighet og ulike barne- og ungdomsarbeid. Dei overtok Credo arbeidet for 4-5 år sidan og roser dei som dreiv dette tidlegare (spesielt Sonja Sælevik og Elin + Odd Gjerde). Torbjørn nemner at dei har vore med før dette både i Feedback, junior foreining, guteklubb og speidararbeid. I dei seinare åra har samarbeidet med bedehuset vore tett og godt, og mykje



Anita og Torbjørn takka for prisen, overrekk av Adrian B. Knutsen, Britt Karstensen og Sindre Sandsgård.

av arbeidet har dei nå saman her, med faste samlingar kvar veke. Eit godt samarbeid både med kristne på Bjoa, Brandøy og elevar på Lundeneset.

– FUT ville i år setja fokus på SAMARBEID på tvers av ulike kristne grupperingar, seier Britt Karstensen som stod for prisutdelinga for FUT.

– Anita og Torbjørn er aktive i Misjonskyrkja og trygge i sin identitet her. Samstundes klarer dei å sjå utover og samarbeide med kyrkja om arbeidet med born og unge. Bjoa er ei lita bygd, og eit godt eksempel på at alle gode krefter må dra i lag om ein skal få noko til. Både i kyrkja, på Brandøy og på bedehuset møtest ein frå ulike kristne forsamlingar. Økumenikk i praksis.

– Mini Credo og Credo er i det store og heile det som skjer av kontinuerleg kristent barne- og ungdomsarbeid på Bjoa. Her går dei aller fleste! Borna har ulike kyrkjetilhørslar. Ikkje berre frå Den norske Kyrkja, men også ulike frikyrkjer og den katolske kyrkja. Fleire nasjonar er representerte og blir inkluderte frå første stund.

Britt fortel vidare at trusopplæring i regi av kyrkja har nokre punktvis tiltak der dei også har med born frå andre kyrkjesamfunn, men kyrkja har også eit formelt samarbeid med dette frivillige arbeidet der t.d. nokre samlingar på Mini Credo blir planlagt i lag med kateketen og rapportert som kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Britt viser til fleire felles arrangement og tiltak der Anita og Torbjørn har delteke.

– Anita og Torbjørn har engasjert seg i mange år for born og unge på Bjoa og fortener ein pris uansett! seier Britt Karstensen. – Andre har lagt ned stort arbeid i oppbygginga av Mini-Credo og Credo, men Anita og Torbjørn tok over stafettpinnen og driv arbeidet vidare med stort engasjement. «Alle» på Bjoa veit kven dei er og set stor pris på at dei bryr seg og bruker tid på borna.



Mini-Credo sang i Bjoa kyrkje.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 5. juni 2025.

Frist for levering av stoff er 28. april.